Sekretariatet viser til prosjektrekneskap, revisjonsmelding og det som elles ligg føre av dokument i saka, og vurderer det slik at kontrollutvalet kan godkjenne prosjektrekneskapen slik han ligg føre, under føresetnad av at mindreforbruket vert disponert i samsvar med regelverket.

KRYSS Revisjon

Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

Dagleg leiar/
Revisjonssjef:

Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27

terje.forde@kryssrevisjon.no

postmottak@kryssrevisjon.no

Bank:

3705.08.27845

Org. nr.:

987 608 064 MVA

Kontrollutvalet i Førde kommune
v/ kontrollutvalssekretariat SEKOM

6800 Førde

Dykkar ref.:
Prosjekt Førde rådhus

Vår ref. :
Førde 2014/dr.m..rådhus

Arkivkode :
216

Journalnr. :
037/2014


Dokumentdato:
14.08.2014

Oversending av revisjonsmelding for prosjekt Førde rådhus.

Vi oversender med dette vår revisjonsmelding for prosjekt Førde rådhus, vedlagt prosjekt-rekneskap, evaluerings-/sluttrapport og saksutgreiing for politisk handsaming. Vi oppmodar om at de tek prosjektrekneskapen til handsaming i kontrollutvalet før vidare handsaming i formannskapet og bystyret jf. Førde kommune sitt økonomireglement.

Førde, 14. august 2014

kopi: Førde kommune


Kari Håheim Sygna
Kommunerevisor i
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø

Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller

57 61 26 41, evt. mobil: 99 22 92 27

Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;

- evt. mobil: 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll

Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde

Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41

Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil: 91 33 30 46

Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55

Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22

Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47

Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46

- evt. mobil: 99 23 52 16

Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;

- evt. mobil: 47 65 50 93

Førde kommune
v/ bystyret

kopi: kontrollutvalet

Dykkar ref.:

Vår ref. :

Arkivkode :

Journalnr. :

Dokumentdato:

Førde 2014:driftsm:rådhus 216

036/2014

13.08.2014

REVISJONSMELDING TIL PROSJEKTRKESKAP FOR FØRDE RÅDHUS.

Prosjektperiode 2010 – 2014.

Vi har revidert prosjektrekneskapen for Førde kommune for prosjekt Førde rådhus. Prosjektrekneskapen, datert 05.08.2014, består av rekneskapsoppsett som syner oppstilling av enkeltprosjekta som den byggjer på, totalsamandrag over kostnader og finansiering og oppsett over politiske vedtak som ligg til grunn for prosjektet, evaluerings/sluttrapport, datert 03.06.2014 og saksutgreiing for politisk handsaming. Prosjektrekneskapen er utarbeida av leiinga i samsvar med ovannemnde dokument.

Leiinga sitt ansvar for prosjektrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide prosjektrekneskapen, og for slik intern kontroll som leiinga finn nødvendig for å gjere det mulig å utarbeide ein prosjektrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleghald eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gje uttrykk for ei meining om prosjektrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at prosjektrekneskapen ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i prosjektrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurdering av risikoane for at prosjektrekneskapen inneheld vesentlig feilinformasjon, enten det skuldast misleghald eller feil. Ved slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein prosjektrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar og ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsipp er hensiktsmessige, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av prosjektrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø

Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller

57 61 26 41, evt. mobiltlf. 99 22 92 27

Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;

- evt. mobiltlf. 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll

Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde

Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41

Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil. 91 33 30 46

Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55

Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22

Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47

Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46

- evt. mobiltlf. 99 23 52 16


Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;

- evt. mobiltlf. 47 65 50 93


Konklusjon:

Etter vår meining gjev prosjektrekneskapen for Førde kommune for prosjekt Førde rådhus, datert 05.08.2014, i det alt vesentlege eit uttrykk for prosjektet sitt resultat og stilling i samsvar med grunnlaget for rekneskapavlegginga som omtala i første avsnitt.

Førde, 13. august 2014


Terje Førde
Revisjonssjef

Dagleg leiar/Revisjonssjef


Kari Håheim Sygna
Kommunerevisor I

Prosjektrekneskap Førde Rådhus

Prosjekt nr		Rekneskap	Budsjett
Totalt 1028	Langebruvegen 8-10, 2010	428 874	428 874
Totalt 1030	Rådhus hovudprosjekt 2010	43 760 709	44 414 469
Totalt 1175	Kjøp av Fjellvegen 14	4 614 700	4 614 647
Totalt 1212	Førde rådhus kunstprosjekt	2 785 410	2 500 000
Totalt 1213	Førderådhus inventar og utstyr	7 075 853	7 062 500
Totalt 1220	Førde Rådhus byggeprosjekt	200 492 129	193 029 403
Totalt 1236	Naudstraumsaggregat Førde Rådhus	3 762 880	1 943 750
Totalt 1269	Rådhuskvartalet - utomhusanlegg + atriene	7 500 000	7 500 000
Totalt 1311	Førde Rådhus trafo	1 872 123	1 875 000
Totalsamandrag			
Kostnader prosjektnr 1028 - 1311		220 876 351	221 336 699
Rentekostnad		3 484 608	5 656 000
Avsett til parkeringsfond		720 000	720 000
Avsett til fond (dekke kostnad ikkje påløpt)		2 625 267	0
Sum netto kostnad		227 706 226	227 712 699
Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon		44 586 450	35 655 944
Utgiftsført totalt		272 292 676	263 368 643

Finansiering	Rekneskap	Budsjett
Bruk av lån	-222 058 923	-222 803 052
Overføring frå fylkeskommunen (INU-midler)	-3 000 000	-3 000 000
Bruk av bundne investeringsfond (parkeringsfond)	-1 134 647	-1 134 647
Internsal - masser til Hafstadparken	-851 500	0
Tilskot KORO	-500 000	-500 000
Refusjon frå SYS IKT	-275 000	-275 000
Refusjonar/ internsal	-129 956	0
Sum finansiering ekskl. mva	-227 950 027	-227 712 699
Inntektsført momskompensasjon	-44 342 650	-35 655 944
Sum finansiering totalt	-272 292 676	-263 368 643

Heimel for prosjektet / vedtak


Saksnr		Løyving	Låneramme
BY 049/10	Budsjettendring 2010	10 625 000	8 500 000
BY 001/11	Førde rådhus	221 288 504	191 500 000
BY 018/12	Førde rådhus - naudstrøm og flytting av trafo	2 562 500	1 775 000
F 044/11	Parkeringsfondet	1 134 647	0
F 021/11	Førde rådhus kunstprosjektet	500 000	0
BY 032/13	Tertialrapport - prisstigning Førde rådhus	16 445 492	13 878 052
FO 037/13	Inventar og utstyr Førde rådhus	3 312 500	2 650 000
		255 868 643	218 303 052

BY 010/13	Rådhuskvartalet - utomhusanlegg + atriene	7 500 000	4 500 000
		263 368 643	222 803 052

Førde, 05.08.2014


Lise Mari Haugen


Ass. rådmann


Terje Guddal

Rekneskapssjef


John Ove Hjeltnes

Konsulent - FDV



Førde kommune

Styre, råd og utval
Formannskapet
Bystyret

Møtedato
11.09.2014
25.09.2014

Saksnr

Sakshandsamar:
Lise Mari Haugen

Arkiv:
FE-210

Arkivsaknr.:
14/1181

Prosjektrekneskap Førde rådhus

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel
05.08.2014	Prosjektrekneskap Førde rådhus
03.06.2014	Førde rådhus evaluerings-sluttrapport

Dok.ID
141134
137853

Oppsummering

Rådhuset var innflyttingsklart 1. september 2013.

Det har vore ein krevjande prosess å realisere Førde rådhus. Oversikt over politiske vedtak, ein stram framdriftsplan og reduksjon av kostnader med om lag 50 mill kr gir eit bilde over utfordringane.

Totalt kjem prosjektrekneskapen for Førde rådhus ut med eit mindreforbruk på 0,7 mill kr i forhold til total låneramme på 222,8 mill kr.

Rådmannen er godt nøgd med at låneramma er halden.

Driftskonsekvensen av Førde rådhus er betra, då auka rente- og avdragskostnad vert finansert med husleigeinntekter, bortfall av husleigekostnad samt effekt av innsparingstiltak. Det er ikkje funne nødvendig å nytte bruk av fond for å dekke inn rentekostnad.

Prosjektorganisering har på ein god måte møtt utfordringane som ligg i eit komplisert prosjekt som bygging av rådhus er.

Skisserte mål er i stor grad nådd.

Førde rådhus er eit tenleg bygg for tilsette med gode men nøkterne kvalitetar der publikum har fått «ei dør» til vesentlege kommunale tenester.

Det bygget og uteområde også vere positivt for sentrumsutviklinga og for Førdefolk si identitetskjenle.

Det er gjennomført evaluering/ utarbeida sluttrapport for prosjektet. Rapporten følgjer som vedlegg til saka.

Grunnerverv

Førde kommune inngjekk i januar 2008 makebyteavtale med Coop Sogn og Fjordane BA om kjøp av tomt til rådhuset med bakgrunn i Bystyresak 022/07.

Makebyteavtalen har ein total verdi på 13,8 mill kr der Coop avgjer rådhusomtata og overtar areal for drosjesentral/ parkeringsplass. Nettkostnad for kommunen er 10,5 mill kr. Låneopptak er gjennomført i 2009 basert på bystyresak 021/09 «Inndekking av underskot i investeringsrekneskapen 2007/2008».

Førde kommune kjøpte i juni 2010 Langebruvegen 8-10 for 16 mill kr i samsvar med bystyresak 013/10. Det står att å finansiere meirkostnad på 0,4 mill kr vedrørende grunnerverv. Meirkostnad omfattar dokumentavgift og er finansiert innanfor ramma av prosjektrekneskapen.

Realisert tomt kjøp på 29,8 mill kr er finansiert med egne løyvingar og er derfor halde utanom byggeprosjektet.

Byggeprosjekt - løyving

Total løyving til byggeprosjektet utgjør 263,4 mill kr med bakgrunn i åtte ulike politiske vedtak. Total låneramme utgjør 222,8 mill kr.

Tabellen nedanfor oppsummerer politiske saker med låneramme og løyving:

Heimel for prosjektet / vedtak

Saksnr		Løyving	Låneramme
BY 049/10	Budsjettendring 2010	10 625 000	8 500 000
BY 001/11	Førde rådhus	221 288 504	191 500 000
BY 018/12	Førde rådhus - naudstrøm og flytting av trafo	2 562 500	1 775 000
F 044/11	Parkeringsfondet	1 134 647	0
F 021/11	Førde rådhus kunstprosjektet	500 000	0
BY 032/13	Tertialrapport - prisstigning Førde rådhus	16 445 492	13 878 052
FO 037/13	Inventar og utstyr Førde rådhus	3 312 500	2 650 000
		255 868 643	218 303 052

BY 010/13	Rådhuskvartalet - utomhusanlegg + atriet	7 500 000	4 500 000
		263 368 643	222 803 052

Finansiering	Rekneskap	Budsjett
Bruk av lån	-222 058 923	-222 803 052
Overføring frå fylkeskommunen (INU-midler)	-3 000 000	-3 000 000
Bruk av bundne investeringsfond (parkeringsfond)	-1 134 647	-1 134 647
Internsal - masser til Hafstadparken	-851 500	0
Tilskot KORO	-500 000	-500 000
Refusjon frå SYS IKT	-275 000	-275 000
Refusjonar/ internsal	-129 956	0
Sum finansiering ekskl. mva	-227 950 026	-227 712 699
Inntektsført momskompensasjon	-44 342 650	-35 655 944
Sum finansiering totalt	-272 292 676	-263 368 643

Meirinntekter utgjer 8,9 mill kr ved samanlikning av total inntektsført finansiering mot budsjett. Meirinntekt kan forklarast ut frå følgjande forhold:

- Grad av meirverdiavgiftsrefusjon/ kompensasjon er auka samanlikna med budsjett. Det er med bakgrunn i kor stor del av bygget som vert nytta kommunalt (grunnlag for mva-kompensasjon) og kor stor del av bygget som vert leigd ut til mva-kompensasjon/refusjonsberettiga leigetakarar. Dette er omtalt i eige avsnitt nedanfor.
- Masser frå rådhuset er nytta i Hafstadparken. Dette er fakturert 0,85 mill kr for dette.

Totalt kjem prosjektrekneskapen for Førde rådhus ut med eit mindreforbruk på 0,7 mill kr i forhold til total låneramme på 222,8 mill kr.

Avsetjing til parkeringsfond på kr 720.000,- gjeld frikjøp av 6 parkeringsplassar med bakgrunn i gjeldande parkeringsnorm omtalt i rammeløyve for oppføring av rådhus.

Fondsavsetjing for å dekke kostnader som ikkje er påløpt ved avlegging av rekneskapen:

- Hovudprosjekt - Sett av midlar til rekkverk på rømningstrapp kr 100.000,-
- Kunstprosjekt - sett av midlar til kunstbrosjyre og bestilt utsmykking kr 90.000
- Inventar og utstyr - sett av resterande budsjettmidlar til ferdigstilling av møterom, streaming, innvendig skjerming, skilt utomhus. Totalt 760.000,-
- Trafo - sett av midlar til jord/ asfalt kr 40.000,-
- Rådhuskvartalet - resterande budsjettmidlar på 1,6 mill kr er sett av til fond for å finansiere asfaltering av parkeringsplass, oppmerking, rampe v/ Langebruvegen.

Forhold som ikkje er avslutta ved framlegging av prosjektrekneskap

- Det er ikkje avsett midlar i prosjektet til å møte evt. krav frå Vegvesenet om å ta igjen arbeid på E-39 jamfør overgang til trafo.
- Generelt er det 3 år foreldelsesfrist på evt. krav mot Førde kommune.
- Ein er framleis i forhandlingar om parkeringsavtale med Fokusgården AS. Avtalen må på plass for å oppfylle vilkår som er sett for å få redusert krav til parkeringsdekning.

Konsekvens av Førde rådhus i driftsbudsjettet for Førde kommune

Rente og avdragskostnad utgjør 11,9 mill kr i budsjettet 2014 (heilårseffekt). Talgrunnlaget frå bystyrevedtak B-sak 01/11 er innarbeida i tabellen. Det er ikkje funne nødvendig å nytte bruk av fond for å dekke inn rentekostnad grunna inngått fastrenteavtale. Talgrunnlaget er innarbeida i budsjettframlegget for 2014.

	BY 001/11	Budsjett 2014
Rentekostnad	9 425 955	7 640 607
Avdragskostnad	4 189 313	4 313 061
SUM UTGIFTER	13 615 268	11 953 668
Husleigeinntekter	-3 522 920	-3 528 766
Bortfall husleigekostnad	-4 476 634	-5 607 115
Innsparingstiltak	-2 000 000	-2 000 000
Finansiert økonomiplan	-1 713 710	-800 000
Bruk av fond	-1 902 004	0
SUM INNTEKTER	-13 615 268	-11 935 881
	0	17 787

Kort oppsummert viser tabellen at auka rente- og avdragskostnad vert finansiert med husleigeinntekter, bortfall av husleigekostnad samt effekt av innsparingstiltak.


Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Prosjektrekneskapen, datert 05.08.2014, for Førde rådhus vert godkjend.
2. Mindreforbruket på 0,7 mill kr vert avsett til fond for å dekke evt. kostnader knytt til forhold som ikkje er avslutta på tidspunkt for avlegging av prosjektrekneskap.

Førde, den 05.08.2014

Ole John Østenstad
Rådmann

Lise Mari Haugen
Ass. rådmann
Tlf. 57612704



Styringsgruppa

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:
Øystein Høyvik
Tlf. 57612650

Vår referanse:
14/981-1-ØH-612

Dato:
03.06.2014

Førde rådhus, evaluerings-/sluttrapport

Formål med rapporten

- Saman med rekneskapen skal rapporten gi relevant tilbakemelding til prosjekteigar og oppdragsgjevar
- Bidra til organisasjonslæring.

Avgrensingar

Styringsgruppa vedtok i møte 19.12.13 eit evalueringsopplegg som har fokus på prosessen som har skjedd i prosjektorganisasjonen. Det betyr at mellom anna at følgjande ikkje inngår i rapporteringa:

- Evaluering av bygningsmessige kvalitetar (vil likevel bli omtalt kort)
- Evaluering av politiske prosessar (vil likevel bli kort omtalt seinare i rapporten)
- Evaluering av arbeidet knytt opp til detaljreguleringsplanen for Rådhuskvartalet, og utvikling av det same området.

Styringsgruppa vedtok vidare at dei ikkje vurderer det som tenleg med ein omfattande prosess som involverer mange partar, men at det er prosjektgruppa si eiga vurdering som blir lagt fram for styringsgruppa. Til sist bestemte styringsgruppa at rapporten ikkje skulle vere for omfattande i talet på sider, noko som betyr at bakgrunnen for enkelte vurderingar i mindre grad vil vere tekstleg underbygd.

Rapporten har som hovudmål å bidra til å skape læring i eigen organisasjon, noko som krev stor grad av openheit. Slik sett kan det at rådhusprosjektet sin rapport vil bli gjort offentleg sette avgrensingar i høve læringseffekten. Prosjekteigar vurderer om det er tenleg med eit eige internt notat som med eit anna detaljeringsnivå inneheld erfaringar, suksessfaktorar og riskoområde.

Om prosjektet

Valt prosjekt, Rendez-Vous, vart kåra gjennom ein internasjonal plan- og designkonkurranse. Prosjektet vart levert i samarbeid mellom Nordplan AS, Mestres Wåge Architectes og 70gr. Nord.

Politiske vedtak

Oversikt over dei mest sentrale politiske vedtaka (som vil avvike noko i høve politiske vedtak omtalt i prosjektrekneskapen):

Saksnr	Gjeld
BY 017/08	Førebels budsjettråme og iverksetjing av arkitektkonkurranse
BY 013/10	Val av arkitekt og oppjustert budsjettråme
BY 01/11	Val av alternativ 1 i komplettert forprosjekt (bygg i 4 etg)
BY 018/12	Naudstraum og flytting av trafo
BY 010/13	Rådhuskvartalet, atriet og utomhusanlegg elles

Det politiske miljøet var i førre bystyreperiode usikre i spørsmålet om det var rett å realisere bygging av eige rådhus. Det er prosjektgruppa si vurdering at denne usikkerheita kan ha ført til at ein vart (for) forsiktige med å gjennomføre prosessar kor ein fekk utfordra både vedteken økonomisk råme, og valte kvalitetar og løysingar. Ein siktar då spesielt til prosessar i «kuttfasen» knytt til at forprosjektkostnaden måtte reduserast med om lag kr 50 mill ved årsskiftet 2010/2011. Dette gjeld til dømes val knytt til fasademateriale, storleik og kvalitetar i høve parkeringskjellar og kvalitetar i uterom. Det er også truleg, slik prosjektgruppa vurderer det, at situasjonen medførte forseinking og utsetjing i høve naudsynte avgjerder.

Prosjektorganisasjonen

- Vedteken prosjektperiode 26.04.10 – 31.12.13. Prosjektperioden vart seinare forlenga til 30.06.14.
- Styringsgruppe
 - Nils Gjerland/Olve Grotle, ordførar
 - Eva Marie Halvorsen/Jan Taule, varaordførar
 - Turid Vallestad, bystyremedlem
 - Jorunn Eide Kirketeig/Terje Gjertsen, bystyremedlem/gruppeleiar
 - Ole John Østenstad, rådmann
 - Lise Mari Haugen, assisterande rådmann
 - Helge Sæterdal, kommunalsjef
 - Håkon Fimland/Trond Ueland, kommunalsjef
 - Kurt Even Andersen, kommunalsjef.
- Prosjektleiar
 - Ole John Østenstad, rådmann.
- Prosjektgruppe
 - Øystein Høyvik, einingsleiar. Leiar for gruppa.
 - Lise Mari Haugen, assisterande rådmann
 - Jan Birger Moe, einingsleiar/personalsjef
 - Magne Reidar Førde/Kjell Herstad, einingsleiar FDV
 - Fredrik Frøiland, byggeleiar FDV
 - Bjørn Hatlelid/Marit Solheim, HTV Fagforbundet/Delta.
- Ulike referanse- og interessentgrupper.

Det er prosjektgruppa si vurdering at valt prosjektorganisering på ein god måte har kunna møtt utfordringane som ligg i eit komplisert prosjekt som bygging av rådhus er. Om prosjektgruppa skal driste seg til å peike på eit forhold så er det at ein valte å ha ei styringsgruppe beståande av både administratorar og politikarar. Ved ei slik samansetting kan det vere ein fare for at dei administrativt tilsette blir for tilbakeholde med å reise problemstillingar. På den andre sida kan det føre til at dei politisk oppnemnde medlemmane skular til at dei vil sjå sakene igjen i politiske utval, og

posisjonerer seg etter det. Slik prosjektgruppa har opplevd det har styringsgruppa unngått å falle i begge fellene.

Møte knytt til prosjektgjennomføring

- Knytt til prosjektet har det blitt gjennomført ulike møte med ulikt formål, til dømes:
 - Møte i styringsgruppa
 - Møte i prosjektgruppa
 - Møte i prosjekteringsgruppa
 - Bygge- og entreprenørmøte
 - Ulike brukar- og interessentmøte
 - Informasjonsmøte
- Til saman har det blitt gjennomført ca 500 formelle møte knytt til byggeprosessen kor medlemmar av prosjektgruppa har vore involvert. I tillegg kjem eit høgt tal meir ad-hoc-prega møtepunkt.

Framdrift

- Saman med / i kombinasjon med stram økonomi la vedteken framdriftsplan krevjande føringar på prosjektgjennomføringa.
- Spesielt utfordrande knytt til framdrift var at vi opplevde brann i 5. etg og innbrot/hæververk i teknisk rom i parkeringskjellar.

Risikovurdering

- Jamleg risikovurdering har vore gjennomført både i prosjektgruppa og saman med styringsgruppa.

Økonomi

Det blir i høve dette punktet i hovudsak vist til prosjektrekneskapen. Men om ein skal trekke fram nokre forhold er det følgjande:

- Forprosjektet pr desember 2010 hadde ein kostnad på kr 50 mill over vedteke budsjett, og måtte i løpet av to månader omarbeidast slik at det kom ned på vedteken økonomisk råde. Arbeidet med å skalere ned forprosjektet medførte monaleg auke i konsulentkostnader utan at budsjetttråma vart utvida
- Følgjande forhold er i etterkant av endeleg budsjettvedtak inkludert i prosjektet utan auke i råde:
 - Konkurs i høve to sideentreprisar
 - Bygging av 5. etg
 - Førebuing for evt bygging av glastak over atriet
- Andre forhold knytt til økonomi:
 - Sum avsett til reservar var prosentvis lågare enn kva som er tilrådd på tidspunkt kor vedtak vart fatta. På den andre sida skal ein ikkje sjå vekk frå at dette har vore «oppdragande» i høve økonomistyring.

Val av entreprisseform

Førde rådhus er eit moderne og komplisert bygg, noko som krev at byggherre er «tett på» i alle prosjektfasar. Dette saman med behovet for å få redusert kostnadane gjorde til at det vart valt byggherrestyrde, delte entreprisar. Knytt opp til denne avgjerda vart risikoen knytt til å vere avhengig av ein byggeleiar vurdert. Det er vår vurdering at valet om å nytte delte entreprisar har gitt ynskt resultat når det gjeld økonomistyring og valte løysingar, men her kan det ikkje trekkast einsidige konklusjonar.

Måloppnåing

Prosjektdirektivet beskriv resultat- og effektmål. Resultatmåla omhandlar leveransar i prosjektfasen, medan effektmåla i større grad handlar om det som skal leverast når bygget er tatt i bruk.

Når det gjeld resultatmåla er det prosjektgruppa si vurdering at desse i stor grad er nådd. For effektmåla sin del vil vi oppmode leiargruppa om å sjå på desse på ny for å vurdere om det er gjort tilstrekkelege tiltak for å hente ut gevinstar på sikt.

Arkitekt, prosjekteringsgruppeleiar (PGL), konsulentar og entreprenørar

Det vil bli gjort egne evalueringar i høve arkitekt, PGL, rådgjevande konsulentar og entreprenørar som kan nyttast ved seinare tildelingar (inngår i evalueringskriterium). To forhold ser vi at burde vore vurdert nærare:

- Ved utarbeiding av tilbudsgrunnlag og kontraktar for engasjering av rådgjevande ingeniørar kunne vi med fordel knytt til oss juridisk og byggeteknisk fagkompetanse i større grad. Dette for å oppnå endå høgare detaljeringsnivå tilpassa prosjektet og sikre kontraktsfesting av funksjons- og ytingskrav. Det same gjeld for arbeidet med å utforme innhaldet i kontraktane.
- Prosjekteringsgruppeleiar (PGL) har ein viktig funksjon knytt til samordning og uavhengig rådgjeving. I rådhusprosjektet har Nordplan levert både arkitekt- og byggtekniske tenester samstundes dei også har hatt funksjonen som PGL. Vi ser at PGL burde vore uavhengig i høve til hovudarkitekt.

Hjelp frå eigen organisasjon

I eit prosjekt av denne storleik er det avgjerande for suksess at byggherre får god hjelp av ulike fagpersonar og avdelingar i eigen organisasjon. På generelt grunnlag er det prosjektgruppa si vurdering at vi har fått god hjelp frå dei vi har bedt om hjelp frå. Om vi skal peike på eit utfordringsområde er det knytt til bistand frå egne med høg IKT-kompetanse. Førde rådhus er eit komplisert bygg kor infrastruktur og løysingar som involverer IKT er omfattande. Det er prosjektgruppa si vurdering at vi med fordel kunne vore flinkare i ein tidleg fase å avklare forventingar og leveransar mellom prosjektet og SYS-IKT.

Medverknad

Prosjektgruppa la opp til omfattande medverknadsprosessar. Vi vurderer at gevinsten av denne innsatsen både frå prosjektgruppa, brukarar og andre interessentar resulterte i relativt få endringar etter at prosjektet var detaljprosjektet.

Evaluering av prosjekterorganisasjonen

- Vellukka
 - Prosjektgruppa har vore samansett med personar med mynde
 - Definerte roller når det gjeld prosjekteigar, prosjektleiar og byggeleiar
 - Prosjekteigar som har stilt eiga tid til rådvelde når prosjektgruppa har hatt behov for det
 - God rolleforståing, arbeidsdeling og oppfølging av avgjerder blant medlemmane i prosjektgruppa
 - Hyppige og faste møte
 - Stor grad av skriftleggjing av drøftingar, vurderingar og avgjerder
 - Relevant informasjon jamleg gitt til politisk miljø
 - Tydeleg overlevering frå prosjekt- til driftsorganisasjon
- Kunne/burde vore gjort annleis
 - Vore tydelegare på kva ein har hatt behov for av hjelp frå einingar og tilsette i eigen organisasjon

Gevinstrealisering

Gevinstar som har blitt vedtatt skal hentast i prosjektfasen vurderer vi er gjennomførte. Når det gjeld gevinstar som skal hentast ut over tid vil vi oppmode om at dei blir vurdert nærare. Døme på dette er organisatoriske forhold som kan føre til driftsmessige innsparingar og/eller auka kvalitet på tenester.

Ang sjølv bygget

Namnet Rendez-Vous betyr «møte/møteplass». Vi vurderer at rådhuset er blitt ein god møteplass for tilsette, leigetakarar, besøkjande og innbyggjarar.

Valte løysingar både innom- og utomhus, mellom anna med stor grad av bruk av glas og lyse fargar, vil framover krevje at dagleg reinhald og vedlikehald får stort fokus.

Med helsing

Øystein Høyvik
Prosjekteiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Førde kontrollutval	Møtedato 08.09.2014	Saksnr 035/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-217	Arkivsaknr.: 14/97
---	-------------------------	------------------------------

Prosjektplan - Forvaltningsrevisjon: Korrekt handsaming av di sak

Vedlegg:

Dok.dato 28.08.2014	Tittel Prosjektplan - Korrekt handsaming av din sak	Dok.ID 358
-------------------------------	---	----------------------

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek prosjektplan – Korrekt handsaming av di sak – Førde kommune, til orientering.

...

Saksutgreiing:

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i sak 29/14 Forvaltningsrevisjon: Tinging av nytt prosjekt, i møte 20.6.2014:

Kontrollutvalet tingar forvaltningsrevisjon om: Korrekt handsaming av din sak.

- 1. Forvaltningsrevisjonen vert avgrensa til tekniske tenester*
- 2. Vurder handsaming i høve forvaltningslova og offentleglova*
- 3. I kva grad handsaminga er i tråd med gjeldande regelverk*

Framlegg til prosjektplan vert lagt fram på møte den 8. september 2014. Frist for rapport frå prosjektet: 1. juni 2015.

SEKOM-sekretariat sende møtebok til KRYSS-Revisjon i e-post datert 20.6.2014, med melding om at framlegg til prosjektplan må vere klar til 28. august, og vidare handsaming av kontrollutvalet 8. september.

SEKOM fekk tilsendt prosjektplanen frå KRYSS Revisjon 28. august.

Revisor er kalla inn for å gå gjennom prosjektplanen.

Førde
kontrollutval
Ved SEKOM sekretariat
6800 Førde

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Arkivkode:
216

Journalnr.:
040/2014

Dokumentdato:
27.08.2014

PROSJEKTPLAN–Korrektthandsaming av di sak - Førde kommune

DOKUMENTOPPLYSNINGAR:	
Tittel på prosjektet:	<i>Korrektthandsaming av di sak.</i>
Tingar:	Kontrollutvalet i Førde kommune via SEKOM sekretariat
Revisjonseining:	KRYSS - Revisjon
Oppdragsansvarleg:	Forvaltningsrevisor Stig Årdal
Dato for prosjektplanen:	27.08.2014
Versjon av prosjektplan	Versjon I

TINGINGA – KONKRET:		
Problemstillingane:	- Vurder handsaminga i tekniske tenester i høve forvaltningslova og offentleglova - I kva grad handsaminga er i tråd med gjeldande regelverk	
Avgrensingar og tidsrommet revisjonen femnar om:	Ikkje spesifisert i tingsvedtaket sak 29/14. Vi vel å sjå på åra 2013 - 2015	
Revisjonskjelder/-kriterium:	Kommunelova	- Kapittel 6 - § 23 nr 2
	Forvaltningslova	- Særleg kap. III, IV, V, VI
	Offentleglova	-

	Aktuelle paragrafar i særlovgjeving der dette er relevant	-
	Aktuelt rutineverk - sakshandsaming tekniske tenester	- Vert å utleie nærare når prosjektet er i gang
Metodebruk	I hovudsak dokumentanalyse. Nærare samtalar/intervju ved behov.	
Tidsbruk i prosjektet	Innafor dei tildelte ressurstimane i avtala med kommunen.	

Tidsbruken er planlagt og estimert slik:

TIDSBRUKEN I PROSJEKTET:

Arbeidsoppgåver:	Timebruk:
Oppstartsmøte inkl føregående sakshandsaming, reisetid og etterarbeid (presisering/avgrensing av prosjektet)	22,5
Innsamling av data i høve dokumentanalysen	22,5
Førebuing/utarbeiding av skjema for intervju/samtale	22,5
Intervju og samtalar med utvalde tilsette	22,5
Strukturering og bearbeiding av intervju/samtalar	22,5
rapportskriving	150
Avsluttande arbeid inkl handsaming og møte i kontrollutvalet	15

Milepælar i prosjektet

1. Formell oppstart av forvaltningsrevisjonen med innkalling til møtet, gjennomføring av møtet, og etterarbeid etter dette møtet, m.a.o. skriving av møtereferat og avklaring av tingingsdokumentet. Januar 2015
2. Innsamling av dokumentasjon for vidare analyse. Februar 2015
3. Skrivefase. April 2015
4. Rapportutkastet med høyringsrunde. 1. mai 2015
5. Etterarbeid etter høyringsrunde. Mai 2015
6. Oversending av endeleg rapport til kontrollutvalet . 1. juni 2015
7. Evt møtedeltaking i samband med handsaming av rapporten.

Tidsrom

Vi reknar med å vere ferdig med prosjektet innan tidsfristen som går fram av tinginga. Framdrift i forhold til milepælane kan rapporterast til kontrollutvalet i form av e-postar til sekretariatet. Dette vert å gjere i samarbeid med sekretariatet, og kan tilpassast undervegs.

Mvh

Stig Årdal
forvaltningsrevisor

SEKOM-sekretariat

Saksgang Førde kontrollutval	Møtedato 08.09.2014	Saksnr 036/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-040	Arkivsaknr.: 14/98
---	-------------------------	------------------------------

Oppfølgingsliste 6-2014

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følgje opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
22/09 Kontrollutvalsarbeid – tiltak	10.11.2009	-Informasjon frå adminstrasjonen. -Tertialrapportar. -Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. -Informasjon frå revisor om arbeidet med finansiell revisjon. -Kvalitetsrapportar frå revisor.
12/14 Kor tilgjengelege er kontrollutvalet. Sak 28/14	5.3.2014 20.6.2014 5.3.2014 20.6.2014	Vedtak: Kontrollutvalet ser servicetorget som viktig i forhold til informasjon om kontrollutvalet si verksemd. Kontrollutvalet ber difor leiar av servicetorget Jan Birger Moe komme på neste møte for å informere. Sendt til Førde kommune/rådmannen Personalsjef Jan Birger Moe deltok på møtet. Det vart ikkje gjort vedtak.
19/14 Eventuelt.	8.4.2014	Vedtak: Kontrollutvalet viser til §§ 9 og 13 i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar, og ynskjer å sette fokus på korleis kontrollutvalet føl opp pliktene sine i forhold til selskapskontroll og forvaltningsrevisjon.
21/14 Skriv og meldingar	7.5.2014	SM 11/14: Oppfølging av selskapskontroll vert lagt på oppfølgingslista for seinare avklaring.
04/13 Forvaltningsrevisjons-prosjekt - Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid	31.1.2013 31.1.2013 13.3.2013 7.5.2014	Tinginga vedteken. Tinging sendt til KRYSS-revisjon. Sak 11/13, Prosjektplan vart godkjent. Sak 22/14, Rapport vart lagt fram. Innhaldet og formulering av vedtak i kontrollutvalet vart drøfta. Saka vart utsett til neste

Sak 27/14	20.6.2014	møte. Sjå sakene 02/10 og 19/11 for vedtak i tidlegare saker Vedtak: Kontrollutvalet viser til revisjonsrapporten «Innkjøpsavtaler og innkjøpssamarbeid som Førde kommune deltek i» datert 2.4.14. Kontrollutvalet sender rapporten over til bystyret for handsaming med følgjande tilråding om vedtak: Bystyret tek rapporten til orientering med følgjande merknader til hovudavsnitta i rapporten: 1. Etterleving av felles innkjøpsavtaler Bystyret merkar seg hovudkonklusjon og tilråding på side 14 i rapporten. Det må sikrast at alle som har innkjøpsmynde også har god kjennskap til innkjøpsavtalene. Bystyret merkar seg rådmannen sine merknader til rapporten mellom anna innføring av elektronisk handel. 2. Organisering av innkjøpsfunksjonen Bystyret merkar seg konklusjon på side 8 i rapporten. Ved desentralisert innkjøpsmynde er det viktig å redusere risiko for feil ved god opplæring og oppfølging av alle som har innkjøpsmynde. 3. Reglement og rutiner Bystyret tolkar rapporten slik at det i hovudsak er gode og tydelege reglement og rutiner. Bystyret merkar seg tilrådinga på side 10 i rapporten om endringar og tillegg til reglement og rutiner. 4. Oppfølging Rådmannen orienterer kontrollutvalet om oppfølging av funna i rapporten, arbeidet med eigenkontroll og innføring av elektronisk handel innan 1.4.15.
Sak 29/14 Forvaltningsrevisjon: Korrekt handsaming av din sak	20.6.2014	Sendt Førde kommune/Bystyret for handsaming
	20.6.2014	Vedtak: Kontrollutvalet tingar forvaltningsrevisjon om: Korrekt handsaming av di sak. 1. Forvaltningsrevisjonen vert avgrensa til tekniske tenester 2. Vurder handsaming i høve forvaltningslova og offentleglova 3. I kva grad handsaminga er i tråd med gjeldande regeleverk Framlegg til prosjektplan vert lagt fram på møte den 8. september 2014. Frist for rapport frå prosjektet: 1. juni 2015.
	20.6.2014	Tinginga sendt til Kryss revisjon.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Førde kontrollutval	Møtedato 08.09.2014	Saksnr 037/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 14/194
---	----------------------	-------------------------------

Eventuelt

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).